



Arkivnr: 2014/88-4

Saksbehandlar: Frank Dahl

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		24.02.2016

Endringar i Industrikonsesjonsloven - høyringsfråsegn

Samandrag

Noregs praktisering av ordninga med heimfall av kraftverk og vassfall vart utfordra av ESA i 2001. Regjeringa prøvde å vidareføre det gjeldande regelverket der det var heimfall for private anlegg men ikkje for offentlege. ESA gjekk på denne bakgrunn til sak mot Noreg i 2006. I juni 2007 kom EFTA-domstolen til at Noregs praktisering ikkje var i samsvar med EØS-avtalen. 10. august 2007 la regjeringa fram provisorisk anordning for å få det norske regelverket samstemt med dommen frå EFTA-domstolen. Anordninga som også vart kalla «Konsolideringsmodellen» innebar at berre offentlege kraftselskap får nye vasskraftkonsesjonar, private kan eige inntil 1/3 av offentleg eigde vasskraftverk og at privat ikkje får fornøya sine konsesjonar.

Innhaldet i anordninga vart implementert vidare i norsk lovgjeving gjennom handsaming av Ot prp nr 61 (2007-08) og Innst O nr 78 (2007-08) den 9. september 2008.

Privat eigardel i ansvarleg vasskraftselskap vert betrakta som direkte erverv av fallrettar og det utløyser konsesjonshandsaming.

Det er no behov for å endre Industrikonsesjonslova slik at det er mogleg å etablere privat minoritet eigarskap i offentleg ansvarleg vasskraftselskap eller selskap med delt ansvar som eit alternativ til aksjeselskap. Den private eigaren vil frå eit ansvarleg selskap på visse vilkår kunne ta ut kraft som utbytte for å nytte denne til industriell produksjon. Dette er ei ønskja utvikling og den vil kunne stimulera til auka aktivitet i industrien.

Olje- og energidepartementet har sendt notat å endre Industrikonsesjonsloven på høyring og høyringsfristen var sett til 9. februar 2016.

På bakgrunn av saka sin kompleksitet er advokatfirma Thommessen engasjert for å lage utgreiing der ulike juridiske aspekt knyta til lovforslaget vert belyst. Denne vil HFK få levert i løpet av februar månad og ligg føre til saka skal handsamast av Stortinget våren 2016.

HFK har gitt høyringsuttale til Olje- og energidepartementet innan høyringsfristen 9. februar 2016. Høyringsuttalen ligg ved saka. Det er teke atterhald om at uttalen vert godteke av Fylkesutvalet.

Forslag til vedtak

Fylkesutvalet godkjenner høyringsuttalen som er sendt til Olje- og energidepartementet i samband med lovforslaget om å justere Industrikonsesjonsloven av 14. desember 1917 nr. 16 om erverv av vassfall mm slik at private aktørar skal kunne erverve inntil 1/3 av kapital og stemmene i offentlege ansvarlege vasskraftselskap.

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør økonomi og organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Vedlegg

- 1 Endringar i Industrikonsesjonsloven - høyringsfråsegn frå Hordaland fylkeskommune
- 2 Endringar i Industrikonsesjonsloven - høyringsnotat

Fylkesrådmannen, 11.02.2016

Hordaland fylkeskommune hadde møte med Odda kommune i første halvdel av januar måned i samband med at kraftverk frå Røldal Suldal kraftverk (RSK) heimfaller til Staten i 2021. Eit alternativ til heimfall er at del av kraftselskapet før tidspunktet for heimfall vert selt på slikt vis at det offentlege eig meir enn 2/3 av kraftselskapet.

Dette er løysing i samsvar med konsolideringsmodellen som vart innført gjennom Stortinget si handsaming av Ot prp nr 61 (2007-08) og Innst O nr 78 (2007-08). Det offentlege kraftselskapet som er basert på konsolideringsmodellen vil få konsesjon utan heimfall av kraftverk og fallrettar.

Føremålet med konsolideringsmodellen er at kraftverk og vassfall vert eigd av det offentlege med minst 2/3 og følgjeleg kontrollert av det offentlege. Privat interesser skal kunne eige 1/3 av selskapet og gjennom sitt eigarskap kunne sikre seg kraft på konkurransedyktige vilkår til industriell produksjon.

Gjennom notat som var sendt på høyring i november 2015 med høyringsfrist 9.2.2016 er det foreslått at private minoritetseigarane gjennom konsolideringsmodellen kan ta ut kraft som utbytte tilsvarande eigardel på inntil 1/3 frå det offentlege kraftselskapet for å nytta denne til industrielle føremål – til dømes produksjon av aluminium som er det krafta frå RSK vert nytta til i dag.

Det er i notatet opplyst at den føreslegne endringa i Industrikonsesjonslova følgjer opp Sundvollenerklæringa om at regjeringa vil «sikre at industrielle eiere av vannkraft, innanfor dagens konsolideringsmodell, kan ivareta sitt behov for forutsigbar krafttilgang også i fremtiden».

Slik eg oppfattar høyringsnotatet vil det vere naudsynt å organisere selskapet som eit ansvarleg selskap. Deltakane i slike vasskraftselskap må då inngå selskapsavtale som avvik frå det som er det normale løysinga for ansvarlege selskap, der det mellom anna er eit krav at avgjersler skal vere samrøystes. Prinsippet om samrøystes avgjersler må ikkje gjelde om eigarminoriteten ikkje skal kunne blokkere for avgjersler som gjer det offentleg kontroll på selskapet gjennom prinsippet om 2/3-flertalsvedtak som gjeld sjølve styringa og den strategisk utviklinga for selskapet.

Regler for stemmegjeving i selskapsmøtet må vere som for AS-modellen for at det offentlege skal ha full kontroll og eigarstyring over produksjon og utnyttinga av vasskraftressursen. Det vil vere mogleg å velje selskapsmodell med både uavgrensa (ANS-modell) og selskapsmodell med avgrensa ansvar (DA-modell) mellom deltakarane.

Erverv av del i kraftselskap med uavgrensa ansvar er i dag å betrakte som erverv av direkte del av vassfallet og konsesjon på slikt erverv kan berre gis til offentlege aktørar i dag. Det er derfor behov for å endre Industrikonsesjonslova slik at det er mogleg å etablere eigarskap for privat minoritet i offentleg ansvarleg vasskraftselskap eller selskap med delt ansvar som eit alternativ til aksjeselskap.

På bakgrunn at møtet med Odda kommune vart advokatfirma Thommessen engasjert for å lage utgreiing der ulike juridiske aspekt knyta til lovforslaget vert belyst. Utgreiinga vil HFK få levert i slutten av februar måned slik at den ligg føre til saka skal handsamast av Stortinget som etter det eg er kjent med vil kunne skje våren 2016.

Den vedlagte høyringsuttalen vart sendt inn til Olje- og energidepartementet innan fristen. Det er teke atterhald om at uttalen vert godkjent av Fylkesutvalet.